

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:**  
**Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

**Dokumentoversyn:**

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

**EU sin integrerte maritime politikk og Vestlandet –  
Oppfølging frå sak i Vestlandsrådet i desember 2008**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet vil ta initiativ til å etablere eit maritimt nettverk på Vestlandet. Målet med eit slikt nettverk vil vere å legge grunnlaget for å etablere ein meir strategisk maritim region på Vestlandet – Western Norway Maritime Region. Nettverket skal ha som mål auka vekt på felles politikkskapning, meir heilskapleg og effektiv bruk av felles ressursar og auka fokus på marknadsføring av Vestlandet som nasjonal og internasjonal maritim klynge.
2. Vestlandsrådet tar sikte på å arrangere ein konferanse der det vert etablert eit slikt nettverk.
3. EU sin maritime strategi inneberer vidare at Vestlands sitt engasjement i dei regionale arenaer som dei fire fylkeskommunane er medlem av - Nordsjøkommisjonen og CPMR - må styrkast. Vestlandsrådet vil i tillegg vere langt meir aktive innanfor nasjonale formelle og uformelle relevante arenaer.
4. Vestlandet sluttar seg elles til vurderingane og handlingspunktene i vedlagte rapport og til framlegg til følgjing inkludert mandat i vedlagte notat.

**Prenta vedlegg:**

1. Hovudrapport datert 25.08.09
2. Notat datert 25.08.09

**Uprenta vedlegg:**

## **Saksframstilling**

### **Innleiing**

Den politiske oppnemnde gruppa for å vurdere EU sin maritime strategi og konsekvensar for Vestlandet legg med dette fram sitt arbeid. Arbeidet vert presentert i form av ein eigen rapport der ein har identifisert kva for oppfølgingspunkt frå EU sitt handlingsprogram som er særleg relevante for Vestlandet. I rapporten gjer gruppa framlegg om ulike handlingspunkt knytt til dei ulike tematiske problemstillingane som vert presenterte. Spesielt viktig er målet om å etablere ein tydlegare maritim region på Vestlandet med ei distinkt stemme – Western Norway Maritime Region. Gruppa peiker særleg på at Vestlandet i dag framstår som eit tungt marint og maritimt miljø som bør nyttast meir aktivt inn mot nasjonale og internasjonale styresmakter.

I tillegg til rapporten presenterer gruppa i eit eige notat framlegg til korleis arbeidet kan takast vidare i regi av Vestlandsrådet. Inkludert her er framlegg til eit mandat for det vidare arbeidet.

### **Bakgrunn**

I møte i Vestlandsrådet 12 og 13 desember 2008 vart det vedteke å etablere ei politisk ad-hocgruppe for å vurdere nærmere EU sin maritime politikk og konsekvensar for Vestlandet. Saka var ei oppfølging av tidlegare initiativ på dette området. I møtet vart det gjort slikt vedtak:

1. *Maritim politikk i brei betydning er eit sentralt området for Vestlandsfylka, og det er behov for å utvikle ein regionalpolitikk som ei utdjuping av nasjonal og internasjonal politikk innan dette feltet. Vestlandsrådet ønskjer eit møte med UD og KRD om ein dialog om oppfølging av EU sin maritime politikk.*
2. *Vestlandsrådet oppnemner følgjande medlemer av rådet til ei oppfølgingsgruppe innan dette politikkområdet*

*Rogaland: Janne Johnsen vara: Ola Ingvaldstad*

*Hordaland: Tom-Christer Nilsen vara: Gisle Handeland*

*Sogn og Fjordane: Mathias Råheim vara: Heidi-Kathrin Osland*

*Møre og Romsdal: Rigmor Andersen Eide vara Jon Aasen*

*Denne gruppa skal ha eit møte med sentrale styresmakter om utvikling av dette politikkområdet. Vidare skal gruppa initiativ til ei utgreiing saman med relevante fagmiljø med sikte på å drøfte regionalpolitiske utfordringar innan ramma av EU sin maritime politikk og av norsk oppfølging av denne politikken. Gruppa er styringsgruppe for dette arbeidet.*

### **Oppfølging av arbeidet i samsvar med mandatet i sak i desember 2008**

Gruppa presenterer i eit eige notat korleis ein har arbeidd med EU sin integrerte maritime strategi.

Resultatet av arbeidet i gruppa er tredelt. For det første har ein i tråd med mandatet etablert ein tett dialog med nasjonale styresmakter. I notatet frå gruppa går det m.a. fram at medlemmene i gruppa har hatt fleire viktige møte med sentrale styresmakter (UD, KRD, representantar frå EU kommisjonen, Kystverket, Europapolitisk Forum, Statens Forureiningstilsyn) og at det er tydleg at arbeidet har fått etter måten stor merksemd sentralt.

For det andre har gruppa med utgangspunkt i EU si "blåbok" – eller handlingsplan – identifisert handlingspunkt som er særleg relevante og viktige for Vestlandet. Her ligg det føre ein eigen rapport med handlingspunkt som er lagt ved saka.

For det tredje vil gruppa gjere framlegg om oppfølging av nettopp desse handlingspunktene og potensialet som ligg i det å etablere ein meir samla maritim region på Vestlandet både med omsyn til politikkskaping, ein meir heilskapleg og effektiv bruk av felles ressursar og det å designe eit langt meir tilpassa utviklingsverktøy for regionen.

Samla sett vurderer gruppa det slik at det er eit stort potensiale for å skape eit politisk handlingsrom dersom ein ønskjer å spele ei aktiv rolle i forhold til EU sin maritime strategi. Med auka handlingsrom meiner gruppa her ei samstyring mellom dei fire Vestlandsfylka og i partnarskap med næringsinteresser, kompetansemiljø, organisasjonar og einskildpartar på Vestlandet. Gruppa peiker på at ein meir samla partnarskap på Vestlandet omkring maritim satsing og politikk vil også kunne gje eit heilt anna grunnlag for å samle ressursane og designe langt meir tilpassa utviklingsverktøy for ei ønska satsing. Gruppa gjer med bakgrunn i dette framlegg om at det derfor vert etablert eit samla maritimt nettverk med ei meir og tydlegare distinkt stemme – Western Norway Maritime Region.

Gruppa presenterer i eige notat framlegg til korleis arbeidet kan følgjast opp i form av eit eige mandat.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen vurderer det slik at den politiske oppnemnde gruppa i Vestlandsrådet har følgt opp mandatet sitt.

Fylkesrådmannen legg med dette saka fram i tråd med tilrådingane til den politisk oppnemnde gruppa.

Fylkesrådmannen finn det likevel rett å endre tilrådinga når det gjeld at Vestlandsrådet skal vera "lead part". Denne funksjonen må knytast opp mot ein av fylkeskommunane.